

Skulemusikken takkar, og repeterer alle vinnarnummera.

28.12.2019



Korpset gjer seg klare til julekonsert.

I førjulstida har vi også i år kunna gleda oss over spenninga som adventskalendaren til skulemusikken gir oss. Denne populære kalendaren er no blitt ein årviss tradisjon for svært mange. Den er også viktig for drifta av korpset, og i meldinga nedanfor takkar Uskedal skulemusikk alle som på ulike måtar har støtta opp om prosjektet, og dei gjengir alle vinnarnummera.



Aspirantane hadde ein flott debut på julekonserten.

Uskedal skulemusikk vil takka alle som har støtta oss med å kjøpa kalendarar. Vi håpar den har gitt dåke både spenning og førjulsstemning. Støtta de har gjeve oss er svært viktig for tilbodet vi gir dei unge i korpset, og som i neste omgang spreier glede i bygda.

Salget av adventskalendaren er det viktigaste økonomitiltaket vi har gjennom året, og vi er svært takksame overfor alle firma og privatpersonar som har gjeve oss dei flotte gevinstante. De sikrar det flotte overskotet som igjen sikrar den økonomiske drifta av korpset. Vi takkar også Kvinnherad Vekst AS som har trykt kalendaren, og Auto 88 AS som tar det viktige arbeidet med å dela ut gevinstante. Til sist vil vi retta ei takk til musistarar, foreldre og andre gode hjelparar som gjorde ein så flott jobb at heile opplaget var utselt nokre dagar før fristen.

Det er framleis nokre gevinstar som ikkje er henta. Derfor repeterer vi alle vinnarnummera: 49, 418, 317, 416, 120, 94, 413, 310, 194, 402, 388, 340, 336, 23, 360, 280, 190, 255, 212, 45, 228, 386, 391, 282, 15, 222, 350, 444, 348, 292 , 429, 385, 242, 208, 306, 92, 29, 369 og 176. Vi bed om at alle hentar gevinstante sine på Auto 88 AS på Brekketoppen innan 10.januar.

Til slutt seier vi igjen takk for at de alltid støttar så flott opp om skulemusikken. No ser vi fram til å fortsetja med å byggja opp korpset slik at bygda vil ha glede av det i mange år framover.

Tekst: Uskedal skulemusikk.

Arkivfoto og nett: Thor Inge Døssland